

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
088/23	Formannskapet	PS	05.10.2023
095/23	Kommunestyret	PS	26.10.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-145, FE-151, FE-159, FE-200	23/1075

## Endring av organisasjonsstruktur og ansvar i økonomisystemet

### Vedlegg

Økonomireglement Austrheim kommune vedteke november 2020

### Framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret vedtek dei endringar i ansvarsområde og tenestene som gjort greie for i saka.
2. Kommunestyret godkjenner at rammene vert overført i tråd med ansvarsområda og disponeringane.

### Formannskapet - 088/23 - 05.10.2023

#### FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.  
Ordførar Per Lerøy refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret vedtek dei endringar i ansvarsområde og tenestene som gjort greie for i saka.
2. Kommunestyret godkjenner at rammene vert overført i tråd med ansvarsområda og disponeringane.

## **Kommunestyret - 095/23 - 26.10.2023**

### **KS - behandling:**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet si tilråding til vedtak.

### **KS - vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek dei endringar i ansvarsområde og tenestene som gjort greie for i saka.
2. Kommunestyret godkjenner at rammene vert overført i tråd med ansvarsområda og disponeringane.

### **Saksopplysninger:**

#### **Bakgrunn**

I 2020 vart det gjort organisatoriske endringar i Austrheim kommune. I samband med endringa gjekk ein frå 2 til 3 nivå-kommune med kommunalområder. Det har vore gjort nokon små endringar i etterkant, og det er no starta eit evalueringsarbeid av organisasjonsstrukturen.

Ved overgangen til ny organisasjon har dette blitt gjennomført i HRM (personalsystemet), men det har ikkje vore gjennomført i økonomisystemet.

I vedteke økonomireglement for Austrheim kommune står det i punkt 4: Rollar og fullmakter:

*Kommunesstyret er kommunen sitt øvste organ. Kommunesstyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller vedtak om delegering. Slik delegering er gitt i kommunen sitt delegeringsreglement. Kommunen har som hovudprinsipp maksimal delegering av mynde til rådmannen, men saker av prinsipiell karakter skal behandlast politisk.*

*Det er kommunesstyret sjølv som gjer vedtak om*

- *Årsbudsjett og økonomiplan, herunder vedtak om prisar/gebyr, eigedomsskatt, skatteøyre, og låneopptak*
- *Årsrekneskap og årsmelding*
- *Endringar i kommunen sine frie inntekter (skatt og rammetilskot)*

- *Endringar i netto driftsramme til eit tenesteområde, med unntak av forhold som ikkje er av prinsipiell karakter (t.d. fordeling av lønsjusteringspost)*
- *Endringar i (brutto) ramme til eit investeringsprosjekt*
- *Avsetting av midlar til ubundne fond og ev. omdisponering av slike fond*
- *Saker om konsesjon eller avtalar om leveransar eller særlege råderettar som enten bind kommunen for meir enn fem år eller har mykje å seie for kommunen sin økonomi*
- *Saker om å kjøpe, avhende, makeskifte eller pantsette eigedom og saker om å gje frå seg eller hefte bort rettar i fast eigedom. Unntak kan vere gitt i kommunen sitt delegeringsreglement.*

*Prinsippet om maksimal delegering inneber at rådmannen har øvrige fullmakter innanfor økonomifeltet, herunder vidarefordeling av tenesteområda sine budsjетtrammer, endringar innan eit tenesteområde sine budsjетtrammer og bruk av fondsmidlar til det formålet dei er avsett for.*

*Økonomistyring er eit leiaransvar. Leiar som har fått tildelt budsjett har ansvar for at budsjетtramma blir halde og at midlane blir brukt best mogleg til nytte for innbygarane og i samsvar med tenesteområdet og kommunen sine mål.*

Ei god økonomistyring treng også oversikt og god kontroll. Ein treng difor å gjere endringar i tråd med organisasjonen også i økonomisystemet. Kommunedirektøren ser ikkje på det som ei prinsipiell sak då det ikkje betyr endring av vedtekne rammes, men legg likevel endringa fram til politisk handsaming.

I dag er ein del einingar/avdelingar samla under fellesnemnar og det kjem ikkje tydeleg fram kostnadene og rammene for den einkilde. Ein vel difor å opprette fleire ansvar og gje ein meir systematisk og god oversikt over økonomirapporteringa. Dette vil også gje eit betre oversyn for politisk nivå til å sjå endringane. I dag er ein del kostnader samla under «kommunedirektøren» som no vert lagt i eigne ansvar og fordelt på rett eining. Det er viktig å få gjort denne endringa no, slik at det vert eit betre oversyn og ei betre budsjettering for 2024.

## ***Endringar***

**Kommunedirektøren:**

10	Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	0999	KAPITAL - INVESTERING
10	Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	1000	KOMMUNEDIREKTØR
10	Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	1200	ØKONOMI OG HR
10	Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	1300	LÆRLINGAR
10	Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	1400	DIGITALISERING OG IKT
10	Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	8000	TILLEGGSLØYVINGAR FORMANNSKAPETS AVGJERSLE
10	Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	8100	TILLEGGSLØYVINGAR KOMMUNESTYRETS AVGJERSLE
10	Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	8200	TILLEGGSLØYVINGAR KOMMUNEDIREKTØREN
10	Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	8300	TILLEGGSLØYVINGAR ORDFØRAR
10	Kommunedirektøren - sentrale funksjonar	8990	OVERORDNA KLP UTGIFTER/INNTEKTER
15	Politisk styring og kontrollorgan	1100	POLITISK STYRING OG KONTROLLORGAN

Endringar under kommunedirektøren:

Oppretting av ansvar:

**1200:**     **Økonomi- og HR:** Alt som tilhøyrer desse vert ført her.

**1300:**     **Lærlingar:** Lærlingane får eige ansvar og vil bli ført her. Dei ligg formelt under HR- og økonomi.

**1400:**     **Digitalisering og IKT:** IKT-NH vert ført her. Alt vedk. digitalisering og IKT blir ført under dette ansvaret.

**Kommunalsjef oppvekst og kultur:**

20	Oppvekst og kultur	2000	KOMMUNALSJEF OPPVEKST OG KULTUR
20	Oppvekst og kultur	2010	FENSFJORDEN PPT
20	Oppvekst og kultur	2020	BARNEVERN
20	Oppvekst og kultur	2100	ÅRÅS SKULE
20	Oppvekst og kultur	2105	VAKSENOPPLÆRINGA
20	Oppvekst og kultur	2110	KALAND SKULE
20	Oppvekst og kultur	2200	AUSTRHEIM KYSTBARNEHAGE
20	Oppvekst og kultur	2210	KALAND BARNEHAGE
20	Oppvekst og kultur	2300	FLYKTNINGAR OG INTEGRERING
20	Oppvekst og kultur	2900	DEN NORSKE KYRKJA
20	Oppvekst og kultur	4000	AUSTRHEIM FOLKBIBLIOTEK
20	Oppvekst og kultur	4100	AUSTRHEIM KULTURSKULE
20	Oppvekst og kultur	4200	TILTAK BARN OG UNGE-UNGDOMSKLUBB
20	Oppvekst og kultur	4300	KULTURAVDELINGA

Endringar under kommunalsjef oppvekst og kultur:

Oppretting av ansvar:

**2105:**     **Vaksenopplæringa:** Vaksenopplæringa har lagt som ei teneste under Årås skule. Denne vert no eit eige ansvar. Budsjettmidlar vert overført til ansvaret.

**2300:**     **Flyktingar og integrering:** Flykting og integrering har lagt litt under fleire ansvar, både kommunalsjef helse og velferd og oppvekst og kultur. Dette blir no i eige ansvar og ligg under kommunalsjef oppvekst og kultur.

**2900:**     **Den norske kyrkja:** Den norske kyrkja har lagt som ei teneste under

kommunedirektøren. Det er i organisasjonen lagt under kommunalsjef oppvekst og kultur og vert med det flytta over her.

Ansvar 4200 får nytt namn: Tiltak barn og unge – ungdomsklubb

### Kommunalsjef helse- og velferd:

30 Helse og velferd	3000 KOMMUNALSJEF HELSE OG VELFERD
30 Helse og velferd	3010 FRIVILLIGSENTRAL
30 Helse og velferd	3100 HELSEININGA
30 Helse og velferd	3110 FORVALTNING OG TILDELING
30 Helse og velferd	3120 LEGETENESTA OG KOMMUNEOVERLEGE
30 Helse og velferd	3130 PSYKISK HELSE, RUS OG PSYKOLOGTENESTA
30 Helse og velferd	3140 FYSIO- OG ERGOTERAPI TENESTA
30 Helse og velferd	3150 HELSESTASJON, SKULEHELSE- OG JORDMORTENESTA
30 Helse og velferd	3160 GRØNT ARBEID
30 Helse og velferd	3170 HJELPEMIDDEL LAGER
30 Helse og velferd	3200 NAV OG SOSIALE TENESTER
30 Helse og velferd	3300 NORDLIHEIMEN
30 Helse og velferd	3310 NORDLIHEIMEN KJØKKEN
30 Helse og velferd	3320 HEIMETENESTA
30 Helse og velferd	3330 ARBEID OG INKLUDERING
30 Helse og velferd	3340 ARBEIDS- OG AKTIVITETSSENTER
30 Helse og velferd	3350 FRITIDSKONTAKTAR

Endringar under kommunalsjef helse og velferd:

Oppretting av ansvar:

**3010: Frivilligsentral:** Frivilligsentralen har fram til no lagt som ei teneste under helse og velferd. Det er naturleg at denne vert skilt ut med eige ansvar. Det skal føreliggje eige rekneskap og det skal rapporterast på frivilligsentralen.

**3110: Forvaltning og tildeling:** Forvaltningskontoret er i dag ein del av helse og velferd. Vert no skilt ut i eige ansvar og ligg under eininga helse.

**3120: Legetenesta og kommuneoverlege:** Legetenesta og kommuneoverlege har i dag vore budsjettert og ført som teneste under samleansvaret helse. Dette vert no skilt ut som eiga teneste og her vil også legevaktsamarbeid liggje. Alt knytta til legetenesta vil førast under dette ansvaret.

**3130: Psykisk helse, rus og psykologtenesta:** Denne tenesta har vore ført under helse og som eiga teneste. Får eiga ansvar.

**3140: Fysio- og ergoterapitenesta:** Denne tenesta har vore ført under helse, vert no eiga ansvar.

**3150: Helsestasjon, skulehelse- og jordmortenesta:** Denne tenesta har vore ført under helse, vert no eiga ansvar.

**3160: Grønt arbeid.** Denne tenesta har vore ført under helse, vert no eiga ansvar.

**3170: Hjelpemiddellager.** Denne tenesta har vore ført under ulike ansvar og tenester, men får no eiga ansvar.

**3350: Fritidskontaktar:** Denne tenesta har vore ført under ulike ansvarsområder, vert no eiga ansvar.

Følgjande ansvar får endra namn:

3340: Arbeids- og aktivitetssenter

3200: Nav og sosiale tenester

3320: Heimetenesta

#### Kommunalsjef samfunn og tenesteyting:

40 Samfunn og tenesteyting	1900 INNBYGGJARSERVICE
40 Samfunn og tenesteyting	5000 PLAN, BYGG, OPPMÅLING OG MILJØ
40 Samfunn og tenesteyting	5100 LANDBRUK
40 Samfunn og tenesteyting	6000 KOMMUNALSJEF SAMFUNN OG TENESTEYTING
40 Samfunn og tenesteyting	6100 VATN, AVLAUP, RENOVASJON
40 Samfunn og tenesteyting	6200 KOMMUNALE VEGAR, KAIAR, FRILUFTSOMRÅDER
40 Samfunn og tenesteyting	6300 BEREDSKAP, BRANN, BRANNFØREBYGGJING OG FEIING
40 Samfunn og tenesteyting	6400 EIGEDOMSFORVALTNING
40 Samfunn og tenesteyting	6500 REINHALDSAVDELING
40 Samfunn og tenesteyting	6600 NÆRINGSUTVIKLING

Endringar under kommunalsjef samfunn og tenesteyting:

Oppretting av ansvar:

**6600: Næringsutvikling:** Næringsutvikling har i dag ikkje eiga ansvar eller teneste og har vore ført under diverse på kommunedirektøren. Det vert no oppretta eiga ansvar for denne tenesta.

**1900: Innbyggjarservice:** Endrar namn og vert flytta frå kommunedirektøren til samfunn og tenesteyting som det ligg under organisatorisk.

**Endring av namn:**

5000: Plan, bygg, oppmåling og miljø

5100: Landbruk

6300: Beredskap, brann, brannførebyggjing og feiing

6400: Eigedomshforvaltning

**Vurdering**

Det har vore budsjettert på rammer på dei ulike tenesteområda. Desse vert justert ved neste rapportering. Budsjettmidlar som er ført under samla vil knekkast opp og førast over på rett ansvarsområde. Rammene for dei ulike tenestene vil vere uendra, eller i tråd med eventuelle budsjettjusteringar gjort i løpet av året.

Kommunedirektøren meiner at dei endringar som er skissert vil gje ei betre oversikt og økonomistyring. Det vil gje ei betre rapportering politisk og lettare oppfølging for den einskilde leiar og kva rammer som er knytta til dei ulike ansvarsområda.

Kommunalsjefane er i dag løna under kommunedirektøren, men vert flytta til sitt kommunalområde.

Kommunedirektøren vil gjere dei naudsynte omdisponeringar slik at budsjettet blir i tråd med rammene og ansvarsområda. Dei tenestene som blir flytta frå eit tenesteområde til eit anna, vert budsjettmidlane flytta med.

**Folkehelse**

Ikkje relevant.

**Miljø:**

Ikkje relevant.

**Økonomi:**

Ingen økonomiske konsekvensar, men gje ei betre økonomisk oversikt.

**Konklusjon**

Økonomisystem og økonomirapport vert no i tråd med organisasjonen og det vil gje eit betre oversyn og kontroll. Endringane gjev også ei meir transparent økonomiføring.

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret gjev kommunedirektøren tilslutnad til å gjere dei

endringar som er gjort greie for i saka. Endringane er allereie utført i økonomisystemet.